



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
13/00095-30

ARK. Forvaltningsarkivet
822.1

DYKKAR REF.
2014/23044-107

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
30.09.2015

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
02 OKT 2015

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Fartyvernet i SAVOS-fylka - Hordaland fylkeskommune - tilskot og melding om utbetaling av tilskot frå statsbudsjettet 2015 kapittel 1429 post 74

Riksantikvaren syner til søknad og oppmoding om utbetaling datert 28.09.2015 om tilskot frå statsbudsjettet 2014, kapittel 1429 post 74 fartøyvern, til fordeling i Hordaland fylkeskommune over SAVOS-ordninga.

I statsbudsjettet for 2015 er det på Riksantikvaren sitt budsjett, kapittel 1429 post 74 Fartyvern, sett av kroner 60.479.000,- til fartyvern. Det har kome inn søknader frå 149 farty og 2 SAVOS - fylke på til saman ca. kr. 190 mill. for inneverande år. Når førehandstilsegn på 12 millionar, overføringar via SAVOS på kroner 1.790.000,- vert trekt frå står det att om lag 47 millionar kroner til fordeling i 2015. Riksantikvarens budsjett dekkjer difor berre omlag 32 % av den samla søknadsmassen. Dette medfører at farty som oppfyller kriteria for tilskot og/eller fell inn under Riksantikvaren sine prioriteringar likevel vil måtte få avslag eller redusert beløp i høve søknaden. Midlane er i hovudsak fordelte på freda farty, igangverande prosjekt, større farty som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar og farty som vil kome av slipp og/eller ut av dokk.

VEDTAK:

Riksantikvaren gjev med dette eit tilskot i 2015 på inntil

kr. 840.000,- frå kapittel 1429 post 74.

Vi utbetaler med dette tilskotet for 2015 til Dykkar bankkonto 5201.06.74239.

Merk:

For 2016 ber Riksantikvaren om at SAVOS-fylka praktiserer ordninga på følgjande vis:

- Riksantikvaren tilrår at søknadsfrist til fylka vert sett til 1. november 2015.
- Søknad til Riksantikvaren med totalsum og prioritering av tilskot vert å sende innan 15. januar 2016.
- Innan 1. november 2015 må fylka melde frå til Riksantikvaren om storleiken på tilskotet som dei søker Riksantikvaren om for 2016.

Følgjande endring vart sett i verk frå og med budsjettåret 2014:

SAVOS-midlane kan berre fordelast til farty som har status som «verna skip» eller er freda.

Dette er naudsynt for å harmonisere regionale tilskot i høve vedtekne retningsliner for bevaringsprogrammet for farty.


Høve til å klage

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf. § 28 i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre – 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. § 29 i forvaltingslova.

Inspeksjonsrett

Vi syner til § 10 i løyvingsreglementet og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta som føreset. Med heimel i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12. har Riksrevisjonen same høve til å føra kontroll.

Beste helsing



Mari Søbstad Amundsen r(e.f.)
seksjonssjef



Erik Småland
seniorrådgiver

Vedlegg:

Orientering om fordelinga